

STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL LABORATORIET		HOVUDARKIV: 46.680.13b OPPDRAG: Nr 93.019 LAB.ARKIV: RV 680 HP 13b KOMMUNE: KARTREFERANSE:						
TITTEL: GEOLOGISK VURDERING AV FUNDAMENT AKSE 2 OG 5 MJOSUNDBRUA I AURSUNDSAMBANDET.								
SAKSBEHANDLAR: Kåre Ingolf Karlson						RAPPORT NR 1		
KONTAKT: Prosjektleder Oddbjørn Pladsen								
DATO: 1993-04-16	SENDT TIL	Vsj.	Avsj	KL	OP	TOW	Ekst	Lab.ark
VÅR REF:	EKSEMPLAR	1	1	1	1	1	1	3
Laboratoriet, Molde, den 15/4-93 B. Wivestad								

Plassering av fundament akse 2 og 5 for Mjosundbrua vart vurdert på ei synfaring den 30.03.93 saman med prosjektleder Oddbjørn Pladsen.

Bergarten i området er ein lys granittisk gneis. Det er ikkje utført testing av mekaniske eigenskaper for bergarten i området.

Akse 2, Giset - Ertvågøya:

Senterline for brua er markert med rødt spraymerke på fjellet, sjå øvste biletet i vedlegg 1. Ei markert oppsprekking med strøkretning på tvers av bruaksen og fall 20° (400 graders sirkel) mot aust (ut i sjøen) skjer gjennom fjellet. Friksjonen på sprekkelana er relativt god. Eit sprekkesystem med strøkretning 080° og vertikalt fall er og gjennomsettande, men har delvis fleire meter avstand mellom sprekkene.

Ca. 2,5m syd for spraymerke som markerer senterlina, ligg ei 3-4m brei sprekkese med strøkretning 080° og vertikalt fall. Sona består av omvandla og delvis skifrig bergart med betydeleg dårlegare mekanisk styrke enn inntakt fjell i området. Bileta i vedlegg 2 viser den nemnde sona.

Laboratoriet vil anbefale at fundamentet i akse 2 blir lagt utanom denne sona.

Ca. 7m nord for senterlina går ein markert kant langs ei sprekkje i fjellet ut i sjøen med samme strøkretning og fall som sprekkese.

Mellom sprekkese 2,5m syd for senterlina og kanten 7m nord for senterlina er fjellet relativt massivt. Også her finst sprekkjer som er parallelle med sprekkese, men dei er for det meste lukka. Fjellet blir vurdert som godt eigna til fundamentering mellom desse avgrensingane. Brattare fall på fjelloverflata ute i sjøen gjer at heile fundamentet bør ligge vest for profil 68,5. Fjellveggen som avgrensar plataet i vest ligg på profil 66,5.

Akse 5, Rottøya:

Foliasjonsoppsprekking med strøkretning 080⁹ og vertikalt fall skrå ut i sjøen. Sprekkeavstanden varierer mellom 0,3m og 1,0m. I tillegg finst ei ikkje gjennomsettande sprekeretning (riss) med strøk 175⁹ og vertikalt fall. Sprekkeplana har relativt god friksjon og fjellet gir eit massivt inntrykk - relativt godt eigna for fundamentering. Heile fundamentet bør ligge aust for profil 327,5 som vil seie vegetasjonskanten på nedste biletet i vedlegg 1. Det er ein føresetnad at det blir sprengt ned til nær horisontal flate før fundamentering.



Akse 2 Giset, Ertvågøya




Akse 5, Rotløyva

VEDLEGG 2



Sprekkesone ved
akse 2.



Sprekkesone ved
akse 2.